

## Informasjon om nye retningslinjer for karantene for elevar som er nærbesøkt til ein smitta på skulen

Regjeringa har laga nye retningslinjer for karantene for elevar som er nærbesøkt i skule til ein som har blitt smitta av korona. Dei nye retningslinjene gjeld frå 16.08.2021.

Målet med dei nye retningslinjene er å redusere fråværet for elevar som er nærbesøkta. Det har vist seg at risikoen for å bli smitta om ein er nærbesøkt på skule eller fritidsaktivitetar er svært liten, 1-2 %.

Ønskjer du å lese meir om dei nye retningslinjene kan du lese på [Helsedirektoratet](#).

### Retningslinjer for elevar som er nærbesøkt i 1.-7. klasse (6-12/13 år)

- Eleven skal testast så raskt som mogeleg (første dag etter at smitten er kjent)
- Det blir tatt ein hurtigtest, testen blir teken frå fremre nase
- Eleven må vere i karantene til ein får svar på testen
- Svar på testen finn du ved å logge deg på [Helsenorge](#)
- Dersom testen er negativ treng kan eleven gå ut av karantene
- Eleven må ta ein ny test dag 3,4 eller 5 etter første test
- Andre testing blir gjennomført på skulen, kommunen set opp tidspunkt
- Eleven er ikkje i karantene meda ein ventar på svar på andre test, men blir sett i isolasjon om den er positiv
- Dersom hurtigtesten er positiv må denne følgjast opp med ein PCR-test ved Sys IKL, foreldre bestiller ny test, I påvente av svar er barnet i isolasjon og resten av familien er i karantene

### Retningslinjer for elevar som er nærbesøkt i 8.-10. klasse (13-16 år)

- Eleven skal testast så raskt som mogeleg (første dag etter at smitten er kjent)
- Det blir tatt ein hurtigtest
- Eleven må vere i karantene til ein får svar på testen
- Svar på testen finn du ved å logge deg på [Helsenorge](#)
- Dersom testen er negativ kan eleven gå ut av karantene
- Eleven må ta ein ny hurtigtest både dag 3 og 5 etter første test
- Andre og tredje testing blir gjennomført på skulen, kommunen set opp tidspunkt
- Eleven er ikkje i karantene medan ein ventar på svar på test dag 3 og 5, men blir sett i isolasjon om den er positiv
- Dersom hurtigtesten er positiv må denne følgjast opp med ein PCR-test ved Sys IKL, foreldre bestiller ny test
- Elevar i denne aldersgruppa må til saman ta 3 testar

### Organisering av testing av nærbesøkta i Sunnfjord kommune

- Tilsette ved testsenteret gjennomfører testane
- Foreldre vil få informasjon av rektor på SMS gjennom Visma Flyt skule
  - At eleven er nærbesøkt
  - Kvar testing blir gjennomført
  - Kor tid det er ope for testing

Foreldre kan velje å følgje vanlege retningslinjer for karantene og testing om ein sjølv ønskjer det.

**Vanlege retningslinjer for elevar som er nærbilagte til ein smitta**

- Blir kontakta av smittesporingsteamet i Sunnfjord kommune
- Bestille test ved testsenteret ved legevakta med det same det er kjent at eleven er nærbilagte
- Test kan du bestille [her](#)
- Karantene i 10 dagar frå siste kontakt med den som er smitta
- Kan ta ny test dag 7, er denne testen negativ kan eleven gå ut av karantene

Har du spørsmål kan du ta kontakt med Turi Bruland, tlf 57 81 61 31/482 20 108.

Ho er med i smittesporingsteamet i Sunnfjord kommune og har ansvar for å følgje opp skular som har elevar med smitte.

Helsing

Halvard Mikal Seljesæter  
Fungerande smittevernlege i Sunnfjord kommune

Åge Stafnes  
Kommunalsjef skule